

# Sandviksbodene 78 B «Holmefjordboden»

Kulturminnedokumentasjon



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



# Innhold

<b>Sandviksbodene 78 B</b> .....	<b>3</b>
Miljøskildring.....	3
Bygningsskildring.....	4
Historia til bygningen .....	5
<b>Kulturhistorisk kontekst</b> .....	<b>9</b>
Sjøbodane i Sandviken.....	9
Sjøbodarkitekturen .....	10
<b>Vurdering</b> .....	<b>11</b>
<b>Kjelder</b> .....	<b>11</b>
<b>Planteikningar</b> .....	<b>12</b>
<b>Fotodokumentasjon</b> .....	<b>14</b>





Sandviksbodene 78 B, også kjent som Holmefjordboden, vart bygd i 1804 eller kort før og er ein av dei største av dei bevarte sjøbodane i Bergen. Sandviken veks fram frå midten av 1600-talet som ein forstad til Bergen, og fekk etter kvart ein nesten samanhengande rekkje med store sjøbodar. Desse tente opphavleg som lager for eksport- og importvarer for bergenskjøpmennene, med tørrfisk som den viktigaste eksportvaren.

Sandviksbodene 78 B var den aller siste sjøboden i Bergen som vart brukt til lagring av tørrfisk, heilt fram til 2002. Slik han står i dag er bygningen prega av fleire ut- og innvendige ombyggingar, særleg frå første del av 1900-talet. Sandviksbodene 78 B framstår som eit særst autentisk minne om 200 års samanhengande, tradisjonell bruk.


Den offisielle adressa til bygningen er i dag Sandviksbodene 78 B, men den tidlegare forma Sandviksboder vert også ofte nytta. Bygningen ligg orientert med hovudfasaden mot sjøen vendt mot sør-sørvest. Denne vert i denne rapporten omtala som sørfasaden. (I andre samanhengar vert denne ofte rekna som vestfasaden.)

Denne rapporten er utarbeidd i 2015 av Fylkeskonservatoren ved Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, som vedlegg til fredingsforslaget for Sandviksbodene 78 B. Der ikkje anna er nemnt er foto tekne av Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga.

## Sandviksbodene 78 B

### Miljøskildring

Boden ligg langs stranda i den nordvestlege delen av Sandviksbukten, der avstanden frå sjøen til fjellet er mindre og terrenget brattare enn lenger sør i Sandviken. Den framspringande knausen Skansehaugen avgrensar denne delen av Sandviken som eit eige landskapsrom. Sandviksveien går parallelt med strandlina, litt bak denne og ein del høgare i terrenget. Dette er den gamle vegen til hovudhuset på Store Sandviken gard og mølleanlegget i Storemøllen, to av dei historisk viktigaste anlegga i Sandviken. Sandviksboder 78 B ligg på den smale landstripa mellom Sandviksvegen og sjøen. Rett aust for denne er ein til gammal sjøbod, Sandviksbodene 78 A («Grønlandsboden»). Denne boden, bygd i 1797, står med gavlen mot sjøen. Aust for denne igjen er eit nybygg som er bygd som kopi av den opphavlege bod 77 AB, som vart riven på 1980-talet. To opphavlege og ein rekonstruert bod dannar slik eit samanhengande sjøbodmiljø. Rett vest for Sandviksbodene 78 B, på tomta til ein eldre sjøbod, ligg eit lagerbygg i betong frå 1950-talet, p.t. strippa ned til hovudkonstruksjonen. Terrenget ovanfor Sandviksvegen, rett bak Sandviksbodene 78 B, er ein skråning med gras, tre og buskar – ein liten rest av det gamle naturlandskapet. Eit lite stykke mot aust ligg Strandens grend, ei klynge med kvitmåla bustadhus av tre frå 1700- og 1800-talet.



Sandviksbodene 78 B med omgjevnader på bykartet frå 1880. Kartet tilgjengeleg på <http://www.bergenskart.no/bergen/>

## Bygningsskildring

### Eksteriør

Sandviksbodene 78 B består av den opphavlege sjøboden og to store tilbygg på to sider av denne. Sjølve boden er ein rektangulær bygning i tre etasjar, 27,7 m lang og 16,1 m brei, bygd dels i lafte- og dels i stolpekonstruksjon og kledd med liggande panel. Taket er eit valmtak utan svai, tekt med raud tegl og med stort takutstikk som på undersida er forma som ein enkel, skrå gesims. Under gesimsen er ein høg knevegg. Langsida mot sør er bygd ut i sjøen. Fundamenta er her synlege: i flomålet ein betongdragar på betongpilarar, over den tre lag bolverk av krysslågt rundtømmer. Fasaden har ei i hovudsak symmetrisk oppbygging og vert prega av dei mange portane for å bringa inn varer, plassert over kvarande slik at dei dannar fire loddrette band. Første og andre etasje har begge fire store porter med jamn avstand, i andre etasje er det også vindaug mellom portane. Tredje etasje svarer til andre, men med vindaug i staden for dei to midtarste portane. I dei to ytre portfaga er òg portar til loftet, og over desse framskytande, spissgavla vindearker på skråstøtter. Portane og vindaugsrammene er raude, elles er både listverk og panel kvitmåla. Vindauga, som står med noko varierende avstand, er torams med 2x3 ruter, med nokre unntak – eit eitrams med to ruter lengst til høgre i andre etasje, og eit med liggande format ute på venstre side i tredje etasje. Vindauga er truleg stort sett frå mellomkrigstida. Fleire av portane er utvida i breidda, anten på høgre eller venstre side. Vindaug og portar har enkle gerikter av glatte bord. I første etasje er loddrette stolpar av varierende høgd spikra på veggen som fenderar.

Kortveggen mot aust vender ut mot ein liten hop, som det i dag er lagt ei treplating over. I første etasje er her to portar og fenderar lik dei på sørveggen, i andre og tredje etasje vindaug nokolunde i akse over portane. I øvre del av veggen er eit tydeleg sprang mellom den rettlinja øvste delen, som er ein seinare påbygd knevegg, og den meir ujamne veggen nedanfor.

Mot nord er berre kneveggen synleg over tilbygget; her er fleire lufteluker delt inn av skråstilte, liggande bord. Tilbygget mot nord er bygd ut til tomtegrensa mot vegen, som går på skrå i høve sjølve boden. Tilbygget får difor eit trapesforma grunnriss, breiast i aust med 12,8 m. I høgd svarar det til 2,5 etasjar i sjølve boden, men sidan veggen ligg mykje høgare enn bakkenivået nærast boden, framstår tilbygget frå nord som einetasjes. Det er dekkja av eit lågt pulttak, tekt med profilerte aluminiumsplater. Austveggen har i første etasje lufteluker lik dei øvst på nordveggen i sjølve boden, og i andre etasje vindaug, to med 3x3 ruter og eitt med 2x3. Nedre del av nordveggen er støypt, medan øvre del har liggande kledning. Her er det ei raudmåla dør med fiskebeinspanel i austenden, og lengst i vest ei tofløya port med ståande kledning. Nordvesthjørnet har vegger av pussa mur og ei pipe ytst i hjørnet.

Tilbygget mot vest er også bygd heilt ut i tomtegrensa og har eit svakt trapesforma grunnriss, 10,9 m breitt i fronten. Det har same høgd som det i nord, og pulttak med same låge helling, som treff boden i høgd med loftsbjelkelaget. Mot sjøen står tilbygget på eit fundament av tørrmura gråstein. I andre etasje er tre vindaug av same type som på resten av sørveggen; i første etasje viser skøyter i panelet plasseringa av ein tidlegare port.

### Interiør

Boden har innvendig preg av å vera ein enkelt utforma bruksbygning nesten heilt utan dekorative detaljar, med synlege konstruksjonar av umåla tre. Dei fleste romma har bordgolv, vegger av laft eller kraftig stolpe/standarverk, og synlege dragarar og bjelkar i taket. Laftetømmeret er av vanleg bergensk type, flatøksa tretoms plank.

Første etasje i den opphavlege boden er i dag eitt stort rom med vegger dels av laft, dels av stolpeverk. Taket er bore av fire langsgåande stolperekkjer med noko ulik avstand. Dei fleste stolpene har to skråband og berer ein kort dragar med avrunda ender. På desse kvilar så langsgåande dragarar som berer bjelkelaget. Den første og tredje stolperekkja, rekna frå sør, står i same posisjon som dei opphavlege lafta langveggene, og nokre stader står øvste del av desse att og fungerer som dragarar. Til avstiving på tvers av rommet er det fleire stader mellom to stolperekkjer sett inn kryssande skråbjelkar frå ei bjelke lagt rett på golvet og opp til takbjelkane. Desse bjelkekryssa ser ut til iallfall delvis å stå på same stad som dei opphavlege lafta tverrveggene, og øvste omfar av desse står att nokre stader. Veggstolpene i sørveggen er fleire stadar forbunde med takbjelkane med sjølvvakse kne. I sørveggen er fire skyveportar, som heng i ein skinne over opningane.

Tilbygget mot nord har eitt stort rom i første etasje. Veggen mot sør er ytterveggen til sjølve boden, med liggande kvitmåla kledning og vindaug (torams med 2x3 sprosser i kvar ramme). Ytterveggen er støypt med

spor etter liggande forskalingsbord. Taket er bore av ein grov konstruksjon med stolpar, tverrbjelkar og skråstivarar som berer eit langsgåande bjelkelag.

Andre etasje i den opphavlege boden er òg i hovudsak eitt rom, utforma på same måte som i første, men med vindaug i langveggene. I austenden er nokre rom med ståande panel, som utgjør ein del av den opphavlege svalgangen langs austveggen. Her er ei eldre tretrapp til tredje etasje.

Tilbygget mot nord har eitt stort rom i høgd med andre etasje, ope opp til skråtaket. Nordveggen er av standarverk med utvendig kledning, og står på ein støypt sokkel. Taket er støtta av ei stolperekkje midt i rommet og ei stolperekkje langs kvar langvegg, alle stolpene med skråband lengst oppe. Sørveggen er ytterveggen i den opphavlege boden og har liggande, kvitmåla bordkledning og vindaug inn til andre og tredje etasje. Dei er av ulike typar, dels kvadratiske eittrams med 2x2 eller 3x3 ruter, dels torams med 3 ruter i kvar ramme. Dei førstnemnde vindauga er ein eldre type, som ein tidleg på 1900-talet også fann på hovudfasaden til boden. I nordvesthjørnet er eit lite rom med teglmura vegg med restar av puss, i rommet ei fyrkjele med ståande sylindrisk form. Dette er eit kjelehus bygd i 1908. Døra til rommet er ei tofløya, blåmåla fyllingsdør med overlysvindaug. Langs austveggen i det store rommet er delt av eit par mindre rom, utvendig kledd med ståande panel. Det eine er innvendig kledd med kvitmåla plater, det andre er innreia som bad/toalett og har våtromspalter og bordhimling.

Tilbygget mot vest er ein enkel standarverkskonstruksjon, open opp til det slake skråtaket. Austveggen er gavlveggen i den opphavlege boden og står som ein synleg laftevegg med opplengjer, utan kledning.

Tredje etasje har stort sett behalde den opphavlege utforminga, med fire lafta lagerrom på rekkje bak ei sval langs sørveggen og med dørøpningar til denne; bak desse romma ei til rekkje med rom, og ei svalgang langs austveggen. I det tredje lagerrommet frå vest er opninga mot svala utvida til rommets fulle breidd, og med ei stolpe med skråband på kvar side. Sørveggen i svala er kledd med ståande panel, og lengst vest er delt av eit lite rom. Det er kledd med ståande panel som er måla raudbrunt på nedre halvdel, kvitt på øvre. I svala mot aust er bevart øvre del av ein eldre loftstrapp, medan det i veggen rett ved er spor etter ei anna plassering av trappa.


Loftet er eitt stort rom, ope opp til mønet. Det har knevegger av standarverk med utvendig panel, over dei valmtak med ståande taktro, bore av ein takkonstruksjon med stolpar, langs- og tversgåande bjelkar som ber sperra, støtta av skråstivarar i to nivå. Mot sjøen er to vindearker som dels består av eldre materiale, m.a. sjølvvakse kne; innanfor kvar vindeark er ei konstruksjon av stolpar og bjelkar som berer elektriske taljer. Vindearkene harr tofløya labankporter. I kneveggene mot vest, nord og aust er kvadratiske opningar nedst på veggen med faste sjalusiar av skråstilte bord. Vindearkene er til dels gamle, kanskje originale, elles er heile loftsrommet frå 1950-åra.

## Historia til bygningen

Sandviksbod 78 B er bygd i dei aller første åra av 1800-talet, og er ein av mange store sjøbodar som vart bygd under høgkonjunkturen under Revolusjons- og Napoleonskrigane. Kjøpmann Johan Ernst Mowinckel fekk i april 1804 festesetel på eigeidomen frå Johan Garmann, eigar av Store Sandviken, og her er Mowinckels «nys opsatte pakbygning» nemnt. Mowinckel (1759-1816) var fødd i Tyskland, kom som tenåring til Kontoret på Bryggen og arbeidde seg der opp til handelsforvaltar, før han i 1784 tok borgarskap. Han vart ein leiande kjøpmann i Bergen og innehadde viktige verv som deputert borgar og russisk og fransk visekonsul. Forutan bustadhus i Strandgaten eigde han fleire sjøbodar, dessutan lyststedet Christineborg i Sandviken. Då han døydde vart innbu og varelager registrert. I Sandviksboder 78 B fantes eit rikt utval varer, m.a. tran, tjøre, rom og annan brennevin, hamp, lin, bygg og havre, tørrfisk av ulike kvalitetar, jernvarer og diverse skipsutstyr – m.a.o. både eksport- og importvarer.

Boden vart verande i familien etter at Mowinckel døydde. Enkja Magdalene stod som eigar til 1835, då ho selte til sonene Johan Ludvig og Johan Hendrich. Kjøpmann Nicolay Holm overtok i 1855 og sat lenge med boden. Etter han følgde fleire hyppigare eigarskifte: til Konow & co. i 1896, til AS Bergens Havfiskeselskab 1907, før Clement Johnsen AS kjøpte i 1913. Dette firmaet var grunnlagd i 1890 og handla med produkt frå Nord-Norge. I adresseboka for 1958 er Clement Johnsen AS skildra slik: handlar med sild, fisk, tran, rogn etc; lager av tønner; skipsekspedisjon. Seinare eigarar var Kåre Lekven frå 1960, Kaare Holmefjord AS frå 1982, og Rolf Olsen AS frå 1993. Holmefjord dreiv lagring og sortering av tørrfisk her, og denne verksemda heldt fram til 2002. I dag vert boden brukt til mellom anna klubb- og selskapslokale.






*Boden i 1914. Foto attgjeve i Halvorsen:2000*

Den eldste skildringa av boden er ein branntakst frå 1808. Gjennom denne og andre kjelder – eldre foto, teikningar og spor i sjølve bygningen – kan den opphavlege utforminga rekonstruerast nokolunde. Det var ein lafta bygning i tre etasjar med langsida mot sør vendt mot Sandviksbukten; her og på austsida var boden bygd ut i sjøen. Fundamentet var anten bolverk av liggande, krysslagde tømmerstokkar, pæleverk av loddrette pælar, eller ein kombinasjon av desse. Den fremste delen av bygningen var bygd opp som ein typisk bergensk sjøbod, med fire nær kvadratiske lafta lagerrom på rekkje, med ei svalgang framfor på langsida mot sjøen og dessutan ein svalgang på kortsida mot aust. Den same planen vart gjenteken i alle tre etasjane, den einaste forskjellen var at medan lagerromma i første og andre etasje hadde to takberande stolpar i midten, var det berre ei tilsvarande stolpe i kvart rom i tredje etasje. Svalgangane var av stolpeverk. BAKANFOR denne delen av boden låg ein til bygningsdel, like lang men ikkje så brei, også denne lafta og i tre etasjar, men med berre to store rom i kvar etasje. I den eldste branntaksten vart denne rekna som ein separat bod, seinare vart desse romma omtala som tasker – den vanlege nemninga i Bergen for tilbygg til lagerbodar. Bygningen var tekt av eit valmtak med den vanlege bergenske forma, ganske bratt og med svai nedst i takflatene. Mønet låg midt over den fremste delen av bygningen, slik at taket på landsida hadde ei slakare helling. Langsida mot sjøen hadde to arker med ei vinde (heiseinnretning) i kvar. Under kvar vindeark var det store portar i svalgangsveggen inn til kvar etasje, og også til loftet. I første og andre etasje var det iallfall seinare også to portar til, også desse plassert rett over kvarandre. Portane og vindearkene var symmetrisk plassert på fasaden. Sidan det berre var sval på den eine kortsida, korresponderte portane ikkje heilt med dørene frå svala til lagerromma. Ei eller to tilsvarande vindearker med portar under var det også på austveggen. Veggene var kledde med liggande supanel, taket tekt med raud tegl.

Hovudvolumet til boden er det same som for 200 år sidan, men elles har bygningen gått gjennom fleire endringar. Innvendig er første og andre etasje bygd om til store, opne rom, ved at nesten alle skiljeveggene er fjerna og erstatta av stolpar som berer langsgåande dragarar, forsterka av kne og skråstivarar. Dette har skjedd i fleire omgangar. I 1923 var framleis lagerromma i andre etasje som før, medan dei to midtre lagerromma i første etasje var fjerna. I begge etasjane var også «tasken» på baksida bygd om med stolperekkjer. Seinare er resten av første og andre etasje bygd om på same måte. Planløysinga i tredje etasje er derimot stort sett uendra, men det er fleire og større dørøpningar enn opphavleg.



Første etasje målt opp i 1923, delvis bygd om til eit samanhengande rom. Byggesaksarkivet, Bergen kommune



Andre og tredje etasje i 1923, framleis med få endringar i grunnplanen. Byggesaksarkivet, Bergen kommune

På 1950-talet vart heile takkonstruksjonen på sjølvne boden fornya. Ytterveggene vart bygd høgare i standarverk, og over dei ein ny takstol. Taket vart valma, som før, men med mønet symmetrisk over den samla bygningskroppen, utan svai, og med større takutstikk med ein enkel skrå gesims under. Dei to vindearkene mot sjøen vart behalde, men fekk lågare takvinkel, medan dei to på austveggen vart sløyfa. Taket vart tekka med grå bølgeplater av eternitt. På mønet var to røykavtrekk dekkja av kvart sitt avlange, vesle saltak. Desse vart fjerna og taket tekka med raud tegl i 2002. Samstundes vart platetekkinga på dei låge tilbygga fornya.

Talet på vindauge har gradvis auka. Truleg var boden opphavleg heilt utan vindauge. Eit foto frå 1914 syner nokre vindauge i fasaden mot sjøen, for det meste småruta med 3x3 ruter. På oppmålingsteikningane frå 1923 er talet på vindauge og plasseringa den same som i dag, iallfall i fasaden mot sjøen, med ei nokolunde jamn rekkje av vindauge og portar i 2. og 3. etasje. Vindauga synast òg å vera noko større enn dei som var der i 1914. Fleire av portane er noko utvida i breidda.



Boden har etter kvart fått fleire tilbygg, slik at heile tomte i dag er bebygd. I 1895 er eit større tilbygg på gavlen mot vest, i ein full etasje og med halvetasje under eit pulttak, omtalt som nyoppført. Tilbygget var fundamentert på gråsteinsmur og hadde også gråsteinsmura yttervegg mot vest, men var elles av standarverk. På sjøsida var fleire portar. Men eit tilbygg på same stad er teikna inn alt på kartet frå 1880, så 1895-tilbygget må ha hatt ein forløpar av omtrent same form. I etterkrigstida er taket på tilbygget heva i vestenden, slik at det vart meir rom i andre etasje. Portane mot sjøen er fjerna. I 1923 vart det søkt om å få byggja tilbygget opp i same høgd som boden, i tre fulle etasjar og høgt tak med gavl mot nord, men søknaden vart avslått. Det same gjentok seg i 1941.

Mellom boden og Sandviksveien var eit ope, trapesforma areal, breiare i aust enn i vest. Mellom 1848 og 1880 vart det langs kanten av arealet i aust og nord bygd lange, smale tilbygg i ein etasje, med eit gardsrom mellom dei og boden. Ein gong i mellomkrigstida vart så heile arealet mellom boden og vegen lagt under tak. I nordvesthjørnet av eigedomen vart eit lite, teglmura kjelehus, med slakt pulttak og ei pipe i hjørnet, bygd i 1908. Det romma ei dampkjele for koking av bark, som vart brukt til impregnering av sildegarn.

Fundamenta er truleg reparert fleire gonger. Branntaksten frå 1854 omtalar fundamentet som pæleverk, men i 1895 vert det skildra som eit bolverksfundament. Foto frå 1914 syner eit tradisjonelt bolverk av kryssande stokkar i mange lag. Seinare er det delvis supplert av betongkonstruksjonar; under dei øvste laga med bolverk ligg det i dag ein betongdragar langs heile fronten.

## Kulturhistorisk kontekst

### Sjøbodane i Sandviken

Sjøbodane i Sandviken og andre stader i Bergen er nært knytt til byens rolle som handelssentrum. Gjennom det meste av Bergens historie har funksjonen som stapelhamn og knutepunkt i det nordeuropeiske handelsnettverket vore det økonomiske grunnlaget for byen. Tørrfisk og andre fiskevarer frå Nord-Noreg vart eksportert frå Bergen til byane ved Nordsjø- og Østersjøkysten, og korn, salt, tekstilar, kolonialvarer med meir vart importert. Etter at dei hanseatiske kjøpmennene på Bryggen i fleire hundre år hadde vore dominerande i denne handelsverksemda, vaks det på 1600-talet fram eit talrikt bergensk handelsborgarskap som også tok del i både utanriks- og nordlandshandel. Handelsverksemda førte til eit stort behov for lagringsplass, og sidan all varetransport gjekk sjøvegen, vart lagerbygningane bygde langs strandlina. Ved midten av 1600-talet var områda rundt Vågen meir eller mindre ferdig utbygde, og sjøhusa byrja då å ekspandera til Skuteviken og Sandviken. Ein føremon her var at bodane var meir skjerma mot brann enn i den tettbygde bykjernen.

Sandviken var i privat eige og låg utanfor byen administrativt sett. Eigar frå 1658 var Herman Garmann, og etterkomarane hans eigde Sandviken i over 200 år. Dei bygsla etter kvart ut tomter til sjøhus, reiparbaner, små bustadhus for sjøfolk og arbeidarar, og lyststader for borgarskapen. Slik vart Sandviken i praksis ein forstad til byen. Utviklinga av sjøbodbebyggelsen her er ikkje kjent i detalj, men hovudbiletet synast å vera ei ganske jamn utbygging frå midten av 1600-talet fram til slutten av 1800-talet. Omkring år 1900 var det rundt 200 sjøbodar i Sandviken og totalt om lag 800 i heile Bergen – på Bryggen og Strandsiden, ved Nøstet, i Skuteviken og i Sandviken. Dei låg som eit fem km langt samanhengande band langs sjøkanten, berre avbrote der festningsverk eller steile klippar var i vegen.

Den tradisjonelle bruken av bodane, og handelsverksemda som denne hang saman med, haldt fram med få endringar til slutten av 1800-talet. Frå då av vart stadig fleire overtatt av andre næringar, i første rekkje handverkarar. Med dette følgde til dels også ny bruk, m.a. som verkstader, og ofte større innvendige ombyggingar. Rundt 1920 vart Sjøgaten opparbeida fram til Sandvikstorget, og mange av sjøbodane fekk no god tilkomst frå landsida. Det var først i den tidlege etterkrigstida at sjøbodmiljøet i Sandviken gjekk i oppløysing. Heile strandlina vart i 1946 regulert til industriføremål, og dei følgjande tiåra vart fleirtalet av sjøbodar rive og erstatta av nye lager- og næringsbygg. Ein del av desse husa fiskerelatert verksemd, men i etterkrigstida var Bergens del av den norske fiskeeksporten jamt minkande. Då tørrfisklagringa i Holmefjordboden vart avslutta i 1999, var det enden på ein lang avviklingsprosess. I dag der det bustadar, kontor og ulik kulturell verksemd som dominerer langs sjøfronten i Sandviken. Sidan 1970-åra har dei attverande gamle sjøbodane i aukande grad vore sett på som viktige kulturminne, og dei fleste har etterkvart fått eit formelt vern og ein ny bruk. I underkant av 30 sjøbodar står att i Sandviken, dvs. 15 % av bestanden ved inngangen til 1900-talet. Dei tilsvarande tala for Bergen under eitt, Bryggen inkludert, er ca. 115 bevarte

sjøbodar. Over 80 % av sjøbodane er forsvunne som følgje av brannar, krigsskadar og sanering, i hovudsak i perioden mellom 1899 og ca. 1960.



*Sandviken sett mot søraust i 1824, med bod 78 B avmerka. Utsnitt av gouache av J.F.L. Dreier, attgjeve i Haaland:2003.*

## Sjøbodarkitekturen

Sjøbodane i Sandviken vart i det vesentlege bygd på same måte gjennom 200 år, frå dei eldste kjente frå midten av 1600-talet og fram til slutten av 1800-talet. Dei er av lafta tømmer i to eller tre etasjar og har i kvar etasje fleire nokolunde kvadratiske lagerrom lagt på rekkje, med dører til ei svalgang som går langs den eine langsida. Lagerromma varierer i storleik frå ca. 4x4 til opp mot 7x7 m. Særleg i dei større romma er det vanleg med eit supplerande beresystem med langsgåande dragarar støtta av ein eller to stolpar midt i rommet. Svala er stort sett lafta i første etasje og bygd av stolpeverk i dei andre øvre etasjane; etter ca. 1820 av stolpeverk i alle etasjar. Det kan også vera sval langs den eine kortsida. Mange bodar har i tillegg hatt eit eller eit par rom brukt som kontor eller «lystværelse» i ein av dei øvre etasjane. Desse romma kan ligge i forlenginga av lagerromma, vera delt av frå eit av dei, eller liggja i enden av svala. Bodane har bratte sal- eller valmtak tekt med raud tegl og er utvendig kledd med liggande panel. Varene vart tatt inn gjennom store portar i svalgangsveggene, plassert rett over kvarandre slik at dei dannar loddrette band. Over mange av portane er heiseinnretningar – vinder – plassert i utskytande arker.

Det finst ulike variantar av grunnskjemaet med lagerrom og svalgangar, m.a. midtgang med rom på begge sider, eller to rekkjer rom «rygg mot rygg» og sval på begge langsidedene. Nokre gonger skapte uvanlege tomtforhold ad hoc-løysingar. Byggjemønsteret er meir variert enn langs Vågen: i Sandviken ligg nokre bodar med langsida og andre med gavlen mot sjøen, og dei kan vera heilt frittliggande eller bygd inntil kvarandre på

lang- eller kortsidene. Opphavleg låg nesten alle ute i sjøen, utan landforbinding. Dei fleste stod på bolverksfundament, bygd opp av mange lag rundtømmer lagt vekselvis på langs og på tvers; på 1800-talet gjekk ein i større grad over til å nytta steinfundament. Enno i slutten av 1800-talet vart det reist nye bodar av tre, men no av ein annan type: i stolpeverkskonstruksjon, og med innvendig beresystem av stolpar og dragarar i staden for lafteveggar. Ein fekk med det store, opne rom. Frå same tid vart svært mange eldre bodar bygd om innvendig på same vis. Dette vart særleg gjort i dei nedre etasjeane, slik at mange bodar no har meire bevart av den opphavlege innreiinga jo høgare ein kjem. Parallelt med dette fekk bodane også mange fleire vindauger i ytterveggene.

I tillegg til dei eigentlege lagerbodane, vart ein del av dei bygningane ein i dag reknar som sjøbodar før omtala som «nausta». I kor stor grad bruken av nausta skilte seg frå lagerbodane, er usikkert. Nausta synst å ha vore ein meir ueinsarta bygningstype, i storleik og planform, men eit fellestrekk for mange ser ut til at dei berre har hatt eitt eller nokre få, store rom i kvar etasje, utan svalgangar. Det synst òg å vera eit hovudmønster at nausta låg innanfor lagerbodane.

## Vurdering

Sandviksbodene 78 B er ein av dei største av dei bevarte sjøbodane i Bergen, og også alt i alt ein av dei mest autentiske. Han er ein av fleire store bodar som vart reist av leiande bergenskjøpmenn i dei gode tidene rundt år 1800, og i sin opphavlege form ein karakteristisk representant for den bergenske sjøbodarkitekturen. Slik boden står i dag, er han prega av fleire ombyggingar frå slutten av 1800- og første halvdel av 1900-talet. Fleire av dei er endringar som ein finn att i mange sjøbodar: ombygginga til store, opne rom med eit nytt indre bæresystem av stolpar og dragarar; fleire vindauger, og utbetring av fundamenta med betongkonstruksjonar. Ombygginga av taket er meir av eit særsyn, men ikkje unikt. I Sandviksbodene 78 B ser ein ut til å ha lagt større vekt på ein estetisk tiltalende verknad enn andre stadar, og det nye taket bryt ikkje med sjøbodakarakteren til bygningen. Alle endringane er gjort som tilpassingar til ein ubrotten funksjon som varelager, i første rekkje for tørrfisk. Etter at denne tradisjonelle bruken tok slutt rundt år 2000 er det i hovudsak berre drive konserverande vedlikehald. Bygningen er difor eit rikt bygningshistorisk og kulturhistorisk minne om ein 200-årsperiode i den tradisjonelle bergenske handelsverksemda, med ein ekstra symbolverdi som den aller siste tørrfiskboden.

## Kjelder

Byggesaksarkivet, Bergen kommune: Saksmappe for Sandviksboder 78 B



*Bergens Adressebok 1958*


Halvorsen, Hanne Britt: «Holmefjordbodens historie» i *Gamle Bergen årbok 2000*, Bergen 2000

Haaland, Anders: «Sjøhusbyen Bergen, og Sandviksboder som del av denne», i *Fiskerihistorisk årbok 2003*, Bergen 2003




# Planteikningar





SYMBOL	FORKLARING
☒	Hull Plassering
○	STIGER3
▶	TY 3331 / V 2710 SWH K80
■	TY 3231 / V 2708 SSU K80

A	Arbeids tegning	23.10.08	KB	OJE	OJE
Rev	Revisjonstekst		Data	Tegn.	Kontr. (Sokk.)
<b>Tore Eide A.S.</b> ingeniørfirma		Spelhaugen 8 5147 FYLLINGSDALEN Tlf: 55 17 54 40 Fax: 55 17 54 41 tffnagost@foreide.no www.foreide.no			
KUNDE					
ROLF OLSEN AS					
PROSJEKT					
SANDVIKSODER 78 B					
TITTEL					
SPRINKLER ANLEGG Plan 3etg.					
MALESTOKK	KONSTR.	DATA	PROSJEKTAR	TEGNAR	REV.
1:100	TP	29.09.08	T-233-05	013	A



SYMBOL	FORKLARING
☒	Hull Plassering
○	STIGER3
▶	TY 3331 / V 2710 SWH K80
■	TY 3231 / V 2708 SSU K80

A	Arbeids tegning	23.10.08	KB	OJE	OJE
Rev	Revisjonstekst		Data	Tegn.	Kontr. (Sokk.)
<b>Tore Eide A.S.</b> ingeniørfirma		Spelhaugen 8 5147 FYLLINGSDALEN Tlf: 55 17 54 40 Fax: 55 17 54 41 tffnagost@foreide.no www.foreide.no			
KUNDE					
ROLF OLSEN AS					
PROSJEKT					
SANDVIKSODER 78 B					
TITTEL					
SPRINKLER ANLEGG LOFT ETG.					
MALESTOKK	KONSTR.	DATA	PROSJEKTAR	TEGNAR	REV.
1:100	TP	29.09.08	T-233-05	014	A



# Fotodokumentasjon



Miljøet sett frå sørvest. Frå v. Sandviksbodene 78 B, 78 A og 77 A



Miljøet sett frå søraust. Lengst til v. betongskjelettet til Sandviksbodene 78 C, eit lagerbygg frå 1950-åra



Eksteriør frå sørvest





Eksteriør frå sør



Eksteriør frå søraust



Sørveggen, detalj



Eksteriør frå nordaust



Nordveggen, detalj



Eksteriør frå nordvest





1. etasje, hovudrommet i sjølve boden, sett mot vest. Til v. ytterveggen mot sør



1. etasje, hovudrommet i sjølve boden, sett mot sør



1. etasje, port i austveggen





1. etasje i tilbygget på nordsida, sett mot vest. Til v. ytterveggen i den opphavslege boden



2. etasje, hovudrommet i sjølve boden sett mot aust. Til h. ytterveggen mot sør



2. etasje, hovudrommet i sjølve boden sett mot vest.



2. etasje, hovudrommet i sjøve boden sett mot vest. Nordveggen (opphavleg ein yttervegg)



2. etasje, rom i opphavleg svalgang i austenden, sett mot nordaust



2. etasje, tilbygget i vestenden sett mot nordaust og vestveggen i den opphavlege boden





2. etasje, tilbygget på nordsida sett mot sør



2. etasje, tilbygget på nordsida sett mot vest. Til v. ytterveggen på den opphavlege boden



2. etasje, teglmura kjelerom i hjørnet mot nordvest, med gammel fyrkjele





3. etasje, svalgangen langs sørveggen sett mot vest



3. etasje, hjørnet mellom svalgangane langs sør- og austveggen, sett mot nord



3. etasje, rest av loftstrapp i svalgangen langs austveggen



Loftet sett mot vest



Loftet, den austlege vindearka sett mot sør

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

September 2015. Kultur- og idrettsavdelinga/Fylkeskonservatoren